



Referat frå SU og SMU Bryne ungdomsskule

Onsdag 5. desember kl. 19.00 i personalrommet, 2. etasje.

Til stade: Adelaide Nichols, Birk Lode, Kristian Mora, Brit Wiig, Maiken Afseth Håland, Jan Arild Herredsvela, Ole Jørgen Alstadsæter, Elsa D Jerstad

SU- Samarbeidsutvalet

1. Informasjon frå skulen.

God oppstart på alle trinn, jobba mykje med klasseleiing og struktur på 8. trinn, ser framgang på trinnet. Vellukka foreldrekafé i samband med Hei Verden.

9. trinn har hatt ein periode med elevbedrift, elevane opplevde det som positivt, elevbedriftsmesse på kveldstid.

10. trinn jobbar med Utdanningsvalg og førebuing til innsøking på vidaregåande skule.

Elles er alle lærarane på plass, har hatt medarbeidarundersøking og trivselen er god i personalet. Skårer lågast på kompetanseheving.

2. Utviklingsarbeid og nasjonal prøve- Me ser på utviklingsplanen og kort på resultata nasjonal prøve.

I lesing er 13,8 av elevane på 9. trinn på nivå ein og to. Skulen sitt mål er å vera under 15 %. Same tendensen i rekning. Skulen har heva elevane sitt læringsnivå med 4 kalapoeng i begge prøvene.

Gutane har betre resultat enn jentene i både lesing og rekning på dette trinnet.

Utvikling over tid viser at BUS klarer heva elevane med fire skalapoeng dei aller fleste åra, men der inngangsresultata er låge, klarer me ikkje få elevane opp over nasjonalt nivå på 9. trinn. Time kommune jobbar med ein språkplan som gjeld for heile grunnskulen, og ser at det må tidleg innsats til i lesing for å få dette til.

3. Høyring skuleruta.

SU ved Bryne ungdomsskule går får alternativ 1, med oppstart torsdag 15. august. Føresette og kommunerepresentant understreker ønsket om at barnehagar og skular har dei same planleggingsdagane i løpet av skuleåret.

4. Eventuelt

Ingen saker på eventuelt.

SMU- Skulemiljøutvalet



1. Elevundersøkinga. Me har ikkje fått resultata enda, men me ser på val av spørsmål og indikatorar og korleis me bruker resultata i etterkant.
BUS jobbar med faktorane: Trivsel, medverking, vurdering og arbeidsro. Her ønsker me å ligga opp mot 4 talet på undersøkinga. Me bruker resultata i forhold til skulen si utvikling, og har med elevrådet i dette arbeidet. Elevrådet jobbar nå med arbeidsro, og med eit forslag om å kutta ned matfriminutt på tirsdagar. Elevrådsrepresentantane informerte SU.
BUS låg i fjor på eller over nasjonalt snitt på alle faktorane.
2. Arbeid med klasseleiing. Dette er ei ny satsing i utviklingsplanen vår, me ser på bakgrunnen og ønsker innspel frå SMU.
Lærarane ønsker å jobba systematisk med klasseleiing. Me ser at elevmassen har endra seg og me har fått utfordringar som me ikkje hadde før. Me har fleire elevar enn før med ulike diognosar, elevar som ikkje klarer å gå på skulen og me jobbar nå med elevar som er fulldigitale.
Me treng difor å jobba med dette for å legga til rette for eit godt læringsmiljø for alle.
Skulen har klasseleiing på agendaen og skal etter jul ha desse tiltaka:
 - Oppdatering på teori og forsking i personalet
 - Foredrag frå Ppt
 - Deling i kollegiet
 - Kollegaveileddning med fokus på klasseleiing
 - Miljøpersonalet har utarbeidd plan for utagerande åtferd.
3. Olweus og livsmestring. Me går gjennom arbeidet vårt her, og ønsker innspel på eventuelle endringar.
Me jobbar med Olweus og prosedyrane som me har som tidlegare. Me har hatt fleire aktivitetsplanar denne hauste og ser at det er eit godt verktøy i arbeidet.
I Livsmestring vil me ta i bruk Robust, som er eit forskningsbasert opplegg me har vore med på gjennom Læringsmiljøsenteret. Me skal senda 6 lærarar på opplæring til våren og håpar på at me kan ta det i bruk frå hausten av. Robust er utvikla av læringsmiljøsenteret og består av undervisningsopplegg tilpassa elevane våre i livsmestring.
4. Eventuelt
Ingen saker på eventuelt

Elsa Djuve Jerstad, rektor Bryne ungdomsskule